



Arkivsak 200904529-3  
Arkivnr. 146.611  
Saksh. Spjeld, Britt Karen

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Kultur- og ressursutvalet	02.06.2009

## **FORDELING AV SPELEMIDLAR TIL ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2009**

---

### **SAMANDRAG**

Fylkeskommunen fordeler kvart år spelemidler til anlegg for idrett og friluftsliv. Det er i 2009 stilt til rådvelde kr 676.600.000 av spelemidlane til idrettsanlegg i kommunane. Hordaland er tildelt kr 65.815.000 til vidare fordeling. Av desse er kr 1.007.000 til forenkla tilskotsordning til nærmiljøanlegg. Desse midlane vert løpande sakshandsama, og er såleis ikkje er med i denne fordelinga. Inneståande rentemidlar og inndregne midlar for 2008, pålydande kr 8.736.000 vert i samsvar med "Bestemmelser om tilskudd av spillemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2008" lagt til hovudfordelinga. Kr 502.000 av dei inndregne midlane vart fordelt i Kultur- og ressursutvalet 13. januar 2009 til klagesaker for 2008. Kr 500.000 blir fordelt til hausten til ev. klagesaker eller andre godkjende søknadar. Såleis er det totalt kr 72.542.000 til fordeling. I år er det 321 godkjente søknader med ein samla godkjent søknadssum på kr 297.624.000. Eg rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria.

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Kultur- og ressursutvalet (KURE) legg følgjande kriteria til grunn for fordeling av spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i 2009:

1. Søknader som har fått tildeling tidlegare skal få dekt restbeløpet etter retningslinjer gitt av departementet.
2. Avsette midlar frå Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg vert nytta etter dei rammene departementet har gitt.
3. Alle anlegg skal inngå i vedteken kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (gjeld ikkje nærmiljøanlegg, forenkla ordning).
4. Alle anlegg skal vere universelt utforma/ tilrettelagt for personar med funksjonshemming.
5. Anlegg for friluftsliv skal prioriterast.
6. Anlegg som er ferdig eller på det næraste er ferdig skal prioriterast.

7. Godkjent søknadssum og befolkningsgrunnlag frå den einskilde kommune skal vektast.
8. Anlegg som får tildeling større enn normalsatsen kan få tilskotet fordelt over to år med ein halvdel kvar år.
9. Anlegg som får tilskot over kr 5 mill. skal få tildelinga primært over 3 år med ein tredjedel kvart år.
10. Løyvingar lik eller under normalsatsen kr 700.000 skal ikkje delast.
11. Søknader frå Bergen skal vurderast særskilt med tanke på rolla som storby og vertskommune i høve større arrangement.
12. Anlegg som ikkje får tildelt midlar i år skal vurderas på lik linje med andre søknadar ved 2010 tildelinga.

Kultur- og ressursutvalet fordeler totalt kr 72.542.000 for 2009 slik:

### Tildelingar ordinære anlegg 2009

#### Gjentekne søknader:

Anl.nummer	Søkjjar	Anleggseining	Tidl. tilskot	Vedtak
1201073801	Stiftelsen Iskanten	Iskanten Ishall	2 679 000	3 321 000
1216009002	Sveio kommune	Vigdartun idrettshall	2 000 000	2 500 000
1219002304	Rubbestadneset I.L.	Rubbhallen – fleirbrukshall	2 200 000	1 800 000
1228006301	Odda kommune	Tyssohallen – fleirbrukshall	2 000 000	1 450 000
1235000110	Fotballklubben Voss	Prestegardsmoen kunstgrasbane	2 000 000	500 000
1246006601	IL Nest-Sotra	Skålvik idrettsplass – fotballbane	1 620 000	500 000
1247002301	Erdal IL	Erdal kunstgrasbane	828 000	700 000
1252001207	Modalen kommune	Allaktivitetshus Modalen, fl.b.hall	3 000 000	1 000 000
1253000105	Osterøy kommune	Osterøy stadion – kunstgr.bane	500 000	2 000 000
1263000602	Lindås kommune	Knarvik idrettsanl. kunstgrasbane	1 500 000	1 000 000
1265000501	Fedje kommune	Fedje fleirbrukshall	2 200 000	1 100 000
			<b>Totalt</b>	<b>15 871 000</b>

#### Nye søknader:

Anl.nummer	Søkjjar	Anleggseining	Vedtak
1201012801	Bergen kommune	Liland fotballbane kunstgras bane 2	1 100 000
1201005401	Bergen kommune	Salhus idrettsplass Kunstgras	2 500 000
1201006701	Bergen kommune	Åsanehallen	150 000
1201075601	Trane Sportsklubb	Trane klubbhus	355 000
1201071008	Fana Golfklubb	Fana Golf lagerbygning	700 000
1201010701	Bjarg IL	Stavollen idrettsplass kunstgras 2	1 433 000
1201075701	Hordaland fylkeskommune	Olsvikåsen vg. skole, Basketballhall	5 500 000
1201006803	Bergen kommune	Leikvang stadion	400 000
1201010408	Smørås IL	Slåtthaug idrettsanlegg kunstgras	2 500 000
1201013402	Bergen kommune	Ytrebygda skole – rehab. symjebass.	5 204 000
<b>Bergen</b>			<b>19 842 000</b>
1211001502	Etne skytterlag	Fikse skytebane	700 000
<b>Etne</b>			<b>700 000</b>
1219004502	Bømlo kommune	Foldrøy skule, Volleyballhall	2 000 000
<b>Bømlo</b>			<b>2 000 000</b>
1221010504	Stord kommune	Rukjen skule - sosialt rom	400 000

1221010503	Stord kommune	Rukjen skule - handballbane	425 000
1221010902	Stord Motorcross Klubb	Hustredalen knatte/barnebane	460 000
1221010901	Stord Motorcross Klubb	Hustredalen Motorcrossanlegg	700 000
1221000102	Stord Idrettslag	Vikahaugane - Stord stadion	692 000
1221010101	Sagvåg forum	Hustredalen - Rødkleiv tursti	532 000
<b>Stord</b>			<b>3 209 000</b>

<b>Anl.nummer</b>	<b>Søkjar</b>	<b>Anleggseining</b>	<b>Vedtak</b>
1223002501	Onarheim IL	Langrennsanlegg	544 000
<b>Tysnes</b>			<b>544 000</b>
1224007506	Kvinnherad golfklubb	Garderobeanlegg	700 000
1224004806	Fjellhaugen Skisenter A/S	Snøproduksjon	270 000
1224001403	Kvinnherad kommune	Rosendal idrettsanl. kunstgrasbane	1 100 000
<b>Kvinnherad</b>			<b>2 070 000</b>
1234000205	Granvin herad	Kunstgrasbane	852 000
<b>Granvin</b>			<b>852 000</b>
1235010403	Voss golfbaner a/s	Voss golf og aktivitetspark- 9 hol	2 000 000
<b>Voss</b>			<b>2 000 000</b>
1238006609	Kvam herad	Strandebarm idrettspark - lagerbygg	284 000
1238000104	Ålvik IL	Ålvik idrettsplass delanlegg friidrett	213 000
1238000203	Kvam herad	Øystese kunstgrasbane	1 785 000
1238009001	Kvam herad	Strandebarm skule – symjebasseng	1 000 000
<b>Kvam</b>			<b>3 282 000</b>
1241005904	Hålandsdal IL	Bygdastølen skiskyttaranlegg	700 000
1241000601	Fusa kommune	Holdhus skuleanlegg	342 000
<b>Fusa</b>			<b>1 042 000</b>
1243006002	Os kommune	Osbadet – terapibasseng	1 300 000
1243006003	Os kommune	Osbadet stupeanlegg	600 000
1243006004	Os kommune	Osbadet - treningsrom	700 000
1243006005	Os kommune	Osbadet - styrketreningsrom	300 000
1243006006	Os kommune	Osbadet - hovedbasseng	1 000 000
<b>Os</b>			<b>3 900 000</b>
1244000109	Austevoll kommune	Austevoll idrettshall - løpebane	700 000
1244000113	Austevoll kommune	Austevoll idrettshall - sosialt rom	400 000
1244000114	Austevoll kommune	Austevoll idrettshall - klatrevegg	78 000
1244000107	Austevoll kommune	Kunstgrasbane	700 000
<b>Austevoll</b>			<b>1 878 000</b>
1246011014	Øygard IL	Straume Idrettspark - tursti	700 000
<b>Fjell</b>			<b>700 000</b>
1247001803	Vestsiden-Askøy I.L.	Kunstgrasbane	1 050 000
<b>Askøy</b>			<b>1 050 000</b>
1251000102	Vaksdal kommune	Vaksdal idrettsplass - kunstgrasbane	1 963 000
<b>Vaksdal</b>			<b>1 963 000</b>

Anl.nummer	Søkjar	Anleggseining	Vedtak
1256003102	Meland Aktiv	Sosialt rom, fleirbrukshall	400 000
1256003701	Meland kommune	Leirdalen idrettsanl. - kunstgrasbane	900 000
<b>Meland</b>			<b>1 300 000</b>
1260000305	Radøy kommune	Sæbø skule - fleirbrukshall	1 300 000
<b>Radøy</b>			<b>1 300 000</b>
1266003202	Stordalen skisenter	Tallerkentrekk	700 000
<b>Masfjorden</b>			<b>700 000</b>
		<b>Totalt</b>	<b>48 332 000</b>

#### Tildelingar ordinære nærmiljøanlegg 2009:

Anleggsnr	Søkjar	Anleggseining	Vedtak
1201023101	Bergen kommune	Solheimslien ballplass - kunstgras	200 000
1201009903	Bergen kommune	Lone skole - ballbinge	200 000
1201006304	Bergen kommune	Kalvatræet skole - ballbinge	200 000
1201004206	Bergen kommune	Slettebakken skole - ballbinge	200 000
1201078501	Bergen kommune	Kjøkkelvik skole - ballbinge	200 000
1201077901	Bergen kommune	Fjellsdalen skole - turnbasseng	180 000
1201007704	Bergen kommune	Kyrkjekrinsen skole - ballbinge	200 000
1201012808	Gneist IL	Liland idr.plass - ballvegg/redskapsb	55 000
1201052501	Fana IL	Solbakkefjell O-kart	45 000
1201002904	FAU Kronstad skole	Kronstad skole - tarzanjungel	200 000
1201046402	Storaneset borettslag	Ballbinge	200 000
1201006003	Bergen kommune	Mjølkeråen skole - klatreanlegg	200 000
1201079301	Bergen kommune	Storetveitmarken tursti	200 000
1201079302	Bergen kommune	Storetveitmarken aktivitetsflate	195 000
1201079403	Bergen kommune	Krohnegården - friområde - brygge	200 000
<b>Bergen</b>			<b>2 675 000</b>
1211002702	Etne kommune	Enge skule - ballbinge	200 000
<b>Etne</b>			<b>200 000</b>
1216007801	Sveioåsen velforening	Sveioåsen nærmiljøanlegg - balløkke	92 000
<b>Sveio</b>			<b>92 000</b>
1219008602	Innvær Gardslag	Ballbinge	200 000
1219003302	Bømlo kommune	Ballbinge, Rolfsnes	200 000
<b>Bømlo</b>			<b>400 000</b>
1221010506	Stord kommune	Rukjen skule - aktivitetsanlegg	200 000
1221001304	Stord kommune	Rommetveit skule - ballbinge	200 000
1221003802	Stord kommune	Ådlandsvatnet tursti	200 000
1221011803	Stord kommune	Nordbygdo idr.anl. – skateboard	200 000
1221000115	Stord Idrettspark AS	Vikahaugane sandvolleyballbane	200 000
<b>Stord</b>			<b>1 000 000</b>
<b>Anl.nummer</b>	<b>Søkjar</b>	<b>Anleggseining</b>	<b>Vedtak</b>

1223002701	Bergen Og Omland Friluftsråd	Kjevika friluftsområde	99 000
1223002901	Bergen Og Omland Friluftsråd	Solstråleøya friluftsområde	185 000
<b>Tysnes</b>			<b>284 000</b>
1224000106	Hatlestrand oppvekstsenter	Sandvolleybane	131 000
1224001704	Bringedalsbygda oppv.senter	Ballbinge	200 000
<b>Kvinnherad</b>			<b>331 000</b>
1227003001	Jondal kommune	Hopp og aktivitetsanlegg for ski	200 000
<b>Jondal</b>			<b>200 000</b>
1228006701	Odda kommune	Ragde ballbinge	200 000
1228007701	Odda orienteringslag	Skare o-kart	63 000
<b>Odda</b>			<b>263 000</b>
1231000502	Ullensvang herad	Opedal skule - ballbinge	200 000
<b>Ullensvang</b>			<b>200 000</b>
1235002504	Bulken IL	Tunåsen hoppanlegg	199 000
<b>Voss</b>			<b>199 000</b>
1241000208	Strandvik skule	Ulike småanlegg	67 000
1241001703	Nesjatunet	Ballbinge	200 000
1241005907	Hålandsdal IL	Dagsturhytte – lavo	85 000
<b>Fusa</b>			<b>352 000</b>
1242002104	Bergen Og Omland Friluftsråd	Baderampe og toalett – Rolvsvåg	90 000
<b>Samnanger</b>			<b>90 000</b>
1243000309	Lysekloster IL	Tur/trimløype, Lysekloster idrettspl.	200 000
<b>Os</b>			<b>200 000</b>
1244004901	Austevoll kommune	Ballbinge - Stolmen Vel	200 000
<b>Austevoll</b>			<b>200 000</b>
1245003202	Glesnes skule	Glesnesparken - aktivitetsflate	200 000
<b>Sund</b>			<b>200 000</b>
1246002705	Fjell ungdomsskule	Ballbinge	200 000
1246002107	Fjell kommune	Knappskog skule - aktivitetsflate	90 000
<b>Fjell</b>			<b>290 000</b>
1247002104	Askøy Fotballklubb	Myrane 7erbane kunstgras	200 000
1247002103	Askøy Fotballklubb	Flomlysanlegg 7-ar bane	200 000
1247013101	Svebråtet Velforening	Ballbinge	200 000
1247007301	Bergen Og Omland Friluftsråd	Kollelvåg friluftsområde	102 000
<b>Askøy</b>			<b>702 000</b>
1253000804	Fotlandsvåg idrettslag	Ballbinge	199 000
<b>Osterøy</b>			<b>199 000</b>
1251003102	Eksingedalen-Modalen IL	Lys - Bergo nærmiljøanlegg	122 000
<b>Vaksdal</b>			<b>122 000</b>
<b>Anl.nummer</b>	<b>Søkjar</b>	<b>Anleggseining</b>	<b>Vedtak</b>
1259001001	Bergen og Omland Friluftsråd	Lislevika friluftsområde	140 000

Øygarden

140 000

**Totalt** 8 339 000

Paul M. Nilsen

Ronny Skaar

Vedlegg:

Spelemiddelsøknader - Ordinære anlegg

Spelemiddelsøknader – Nærmiljøanlegg

Brev av 04.05.09 frå KUD – Fordeling av spillemidler til idrettsanlegg kommunene 2009

Brev av 18.05.09 frå KUD – Tiltak til stimulering av sysselsetting – tilskudd til idrettsanlegg

### **Statlege føringar**

Statleg støtte til anleggsføremål vert kanalisert via fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunen fordeler kvart år spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv med heimel i Kgl. Res. av 3. april 1987. Regelverket for tildeling av spelemidlar til ordinære anlegg for idrett og friluftsliv, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i fjellet vart kunngjort i Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) sitt rundskriv V-14 datert 13. juni 2008. Søknad om støtte til bygging av anlegg fremjast til fylkeskommunen gjennom kommunen der anlegget er planlagt bygd innan 15. januar. Frå og med fordelinga i 2009, vart alle søknader om spelemidlar levert fylkeskommunen elektronisk. Fylkeskommunen lager ei oversikt over innkomne søknader og oversender denne til KKD innan 15. mars. Frå 2009 er alle søknader om spelemidlar levert elektronisk gjennom idrettsanlegg.no. Departementet fastset innan byrjinga av mai ramma til fylkeskommunane, og fylkeskommunane gjer ei detaljfordeling av midlane til kommunane. Oversikt over fordelinga til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg vert sendt departementet i løpet av juni kvart år. ("Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og friluftsliv 2008").

Dei som kan søkja er fylkeskommunar, kommunar, idrettslag/org.ledd i NIF/idrettslag organisert under Samisk idrettsforbund, borettslag, velforeiningar eller andre samanslutningar som ikkje har kommersielt føremål. Det kan søkjast om stønad til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for ålmenn idrettsleg verksemd.

KKD skriv i brev av 04.05.2009 at rammebeløpet skal nyttast som følgjande:

1. *Søknader som har fått tildeling tidlegare skal få dekkja restbeløpet.*
2. *Det resterande beløp nyttas til andre godkjende søknader.*
3. *Anlegg særskild tilrettelagt for personar med funksjonshemming skal prioriterast.*
4. *Anlegg som får tilskot lik eller mindre enn normalsatsen (ekskl. graderte stønadssatsar og Nord-Norge tillegg) kr 700.000, skal ikkje delast.*
5. *Anlegg, som får tildeling større enn normalsatsen, kan få tilskotet fordelt over to år med ein halvdel kvart år.*
6. *Anlegg med tilskotsbeløp over kr 5.000.000 kan få tilskotet fordelt over 3 år med ein tredel kvart år.*
7. *Anlegg som ikkje vert tildelt midlar i år (alle kategoriar), skal vurderas ved neste års fordeling på line med andre søknader.*
8. *Det er berre prosjekt som inngår i vedteken kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet som er stønadsberettiga (gjeld ikkje nærmiljøanlegg, forenkla ordning).*

Ved rammetildelinga til det einskilde fylke vert slik fordelingsnøkkel nytta:

- Godkjend søknadssum 50%
- Dekningsgraden av anleggsflate pr. innbyggjar 25%
- Tal innbyggjar 25%

### **Statleg overføring**

Etter vedtak i statsråd 24. april 2009 er det stilt til rådvelde kr 676.000.000 til idrettsanlegg i kommunane. Av dette er kr 601.600.000 fordelt i høve til søknadar på ordinære anlegg, kr 65.000.000 til ordinære nærmiljøanlegg og kr 10.000.000 til forenkla tilskotsordning til nærmiljøanlegg.

Hordaland fylkeskommune er tildelt kr. 65.815.000 i tilskot til idrettsanlegg i kommunane fordelt slik:

– Ordinære anlegg	kr 57.733.000
– Nærmiljøanlegg	kr 7.075.000
– Forenkla ordning nærmiljø	kr 1.007.000

Forenkla ordning til nærmiljøanlegg vert sakshandsama og fordelt fortløpande av administrasjonen i fylkeskommunen, (jfr "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2008).

Kvart år vert rammetilskotet frå KKD sett inn på renteberande konto for vidare utbetaling. Pr. 31.12.08 stod det til disposisjon kr 5.554.000 i rentemidlar. I tillegg var det inndregne midlar på kr 3.182.000. Totalt utgjør dette kr 8.736.000. Desse midlane kan i samsvar med "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2008" nyttast til ordinær tildeling og ev. klager. Kultur- og ressursutvalet fordelte 13. januar 2009 kr 502.000 til klagesaker i 2008. Kr 500.000 er avsett til klagesaker for 2009. Om ingen klager eller får medhald i sin klage kan desse midlane fordelast til anlegg som har stor tydnad for å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland. Desse fordelast hausten 2009.

### **Ordinære anlegg**

I Hordaland kom det i år inn 321 godkjente søknader med ein godkjent søknadssum på kr 296.416.000. Det er 233 godkjente søknader på ordinære anlegg frå 27 kommunar med ein samla godkjend søknadssum på kr. 281.818.000. 31 søknadar vart ikkje godkjente, m.a. éin søknad frå ein kommune som såleis ikkje får tildelt spelemidlar til ordinære anlegg i år. Kr 64.203.000 er stilt til disposisjon. Av desse er kr 1.747.000 inndregne midlar og kr 4.723.000 rentemidlar. Rehabilitering av anlegg er teke med i denne gruppa. Dette gir ein dekningsgrad på 23%. Fleirbrukshallar av ulik storleik representerer 23 søknadar, fordelt på 14 kommunar. I tillegg er det 53 søknader om tilskot til ulike typar kunstgrasbaner fordelt på 19 kommunar. Det er sju godkjende søknader til symjeanlegg frå fem kommunar. Det er 15 godkjente søknadar knytta til friluftsliv (kart/ dagsturhytter/ tursti/ skiløyper). Bergen kommune har fem søknadar om fleirbrukshallar og 17 søknadar om kunstgrasbaner.

### **Ordinære nærmiljøanlegg**

Når det gjeld nærmiljøanlegg har vi fått 88 godkjente søknader frå 21 kommunar med ein samla godkjent søknadssum på kr 15.106.000. Ni søknadar vart ikkje godkjent. Det er stilt kr 8.339.000 til disposisjon. Av dette er kr 933.000 inndregne midlar og kr 331.000 rentemidlar. Dette gir ein dekningsprosent på 55%. 13 søknadar er knytt til friluftsliv (friområde/ kart/ dagsturhytter/ badeplassar). Ballbingar dominerer som anleggstype med 32 søknadar fordelt på 13 kommunar. Bergen kommune søker om 9 ballbingar.

### **Politiske prioriteringar**

Ut frå dette grunnlag vil eg rå til at kr 72.542.000 i spelemidlar for 2009 vert fordelt etter retningslinene gitt frå KKD og føringar i fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008 – 2012) – Aktiv kvar dag.

Det er for 2009 11 gjentekne søknader med lovnad om i alt kr 15.871.000 i tilskot. Ved tildeling til nye anlegg har eg lagt opp til i så liten grad som mogeleg å binde opp midlar for dei komande åra. Årsaka er at det er usikkert korleis utviklinga i overskotet til Norsk Tipping AS vil vere, og dette styrer storleiken av spelemiddeltilskotet.

Eg tilrår at ferdigstilte og påbyrja ordinære anlegg vert prioritert. Hordaland har eit stort etterslep på tildeling til ordinære anlegg, og i gjennomsnitt får i overkant kvart femte anlegg spelemidlar. Overførte midlar frå KKD inkl rentemidlar og inndratte midlar gjev ein innvilgelsesprosent på 23%. Ved tildelinga er det også teke omsyn til tal godkjende søknadar frå den einskilde kommune og tal innbyggjarar i kommunane. Alle kommunar som har godkjent(e) søknader får tildelt midlar til minst eit nærmiljøanlegg. Når det gjeld ordinære anlegg innstiller eg på at Sund kommune og Austrheim kommune ikkje får midlar til ordinære anlegg i 2009 då det er første året dei søker. Ullensvang får tildelt midlar av tiltakspakken til symjebasseng ved Hauso skule. Vaksdal kommune får ikkje støtte til fleirbrukshallen dei har prioritert p.g.a ein uavklart situasjon i høve til verning av Dale kraftstasjon.

Bergen kommune er som storby vurdert særskilt ved fordelinga. Dette er signal som kjem frå KKD i St.meld. nr. 14 – Idrettslivet i endring (1999-2000). I fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008 – 2012) – Aktiv kvar dag er det teke med at Bergen kommune i planperioden skal verta særleg vurdert og prioritert med omsyn til anleggsutvikling og spelemidlar. Eg rå til at Bergen kommune i år får tildelt 36% av midlane til ordinære anlegg (innvilga 23% av søknadane) og 32% (innvilga 55% av søknadane) av tildelte midlar til nærmiljøanlegg.

Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Aktiv kvar dag – 2008-2012 slår fast at tilskot til friluftsliv skal prioriterast i planperioden. Friluftslivsanlegg er ikkje skilt ut i eiga gruppe og ein finn dei innafør ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. På basis av desse politiske føringane har eg prioritert å gje stønad til friluftsanlegg som ligg lengre nede på dei kommunale prioriteringslistene. Dette gjeld to ordinære anlegg i kommunane Stord og Fjell. Når det gjeld nærmiljøanlegg for friluftsliv/ kart har eg prioritert opp fem anlegg i kommunane Askøy, Bergen, Fusa, Odda og Os.

### **Rentemidlar og inndregne midlar**

Gjennomsnittleg innvilgelsesprosent i Hordaland på ordinære anlegg er 23 % og for nærmiljøanlegg er innvilgelsesprosenten på 55% inkludert bruk av rentemidlar og inndregne midlar.

Eg foreslår å nytte rentemidlar og inndregne midlar frå 2008 <sup>1</sup>, totalt kr 7.734.000 til å gje stønad til følgjande anlegg; Bygdastølen lavo i Fusa kommune (kr 85.000), Skare o-kart i Odda (kr 63.000), Storetveitmarken tursti (kr 200.000), Storetveitmarken aktivitetsflate (kr 195.000), Krohnegården friluftsområde (kr 136.000) i Bergen kommune, ballbinge på Rolfsnes i Bømlo kommune (kr 200.000), Vikahaugane sandvolleybane i Stord kommune (kr 200.000) og Solstråleøya friluftsområde på Tysnes (kr 185.000). I tillegg foreslår eg å gje til symjebasseng på Ytrebygda skole (kr 4.395.000) og Slåtthaug idrettsplass kunstgras (kr 1.543.000) i Bergen kommune, og turveg i Hustredalen i Stord kommune (kr 532.000).

### **Tiltak til stimulering av sysselsetjing**

I brev av 18.05.2009 frå KKD om tiltak til stimulering av sysselsetjing er det seks anlegg frå fem kommunar som får heile sin godkjende søknadssum innvilga. Til saman fekk Hordaland tildelt kr 18.799.000. Tilsagnet baserer seg på ei liste med 10 prioriterte anlegg som vart sendt frå administrasjonen til KKD 27.3.2009. Dette brevet var melding til KURE 5. – 6. mai 2009.

Ved tildeling av spelemidlar 2009 har eg teke desse tiltaksmidlane med i vurderinga. Eg rår til at Ullensvang herad ikkje får tildelt spelemidlar då dei får kr 2.267.000 i tiltaksmidlar til rehabilitering av Kinsarvik symjehall. Bergen kommune fekk støtte til to anlegg, til saman kr 12.632.000. Om eg inkluderer tiltaksmidlane inn i fordelingspotten til spelemidlar får Bergen kommune 43% av midlane.

### **Høyring**

Fordelinga er gjort i samråd med Hordaland idrettskrets, Bergen og Omland Friluftsråd på møte 20. mai 2009. Bergen Turlag, Friluftsrådet Vest og Ungdommens fylkesting var også invitert, men møtte ikkje.

---

<sup>1</sup> Kr 502.000 til klagesaker 2008 og kr 500.000 til ev. klagesaker 2009 er trekt i frå.